

Saksbehandlar: Karianne Holmboe Askeland, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/9711-12

Skipingsmøte i Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet godtek vedtektene til Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, med følgjande merknad til § 6: Med dagens eigarforhold i selskapet skal styresamansetninga følgje reglane i aksjelova § 20-6, jf. kommunelova § 80 a.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin styremedlem i selskapet bør ikkje veljast som styreleiar.
3. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som eigarrepresentant og vararepresentant til stiftingsmøtet:
 - a. Eigarrepresentant.....
 - b. Vararepresentant.....
4. Fylkesutvalet nominerer følgjande som styremedlem og personleg varamedlem til selskapet:
 - a. Styremedlem:.....
 - b. Varamedlem:.....

Vedlegg:

Innkalling til skipingsmøte

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I FT-sak 49/17 vart det løyvd midlar til kjøp av aksjar i Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS. Sogn og Fjordane fylkeskommune har teikna seg for 102 aksjar til ein verdi av 1 020 000 kroner, og med 1/3 av aksjane vert fylkeskommunen den klart største aksjonæren i selskapet.

Det skal vere skipingsmøte i selskapet 8. februar i år. Til dette møtet må fylkeskommunen som aksjonær peike ut eigarrepresentant, nominere styremedlem, og gå gjennom og vurdere eventuelle endringar i vedtektene.

2. Vurderingar og konsekvensar

1. Utkastet til vedtekter

Dei fylkeskommunale og kommunale aksjonærane har i dag, med 213 av 306 aksjar, meir enn 2/3 av aksjane i selskapet. I slike høve skal aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret i statsaksjeselskap gjelde. Dette følgjer av kommunelova § 80 a. I styre med to til tre medlemmer skal begge kjønn vere representert, i styre med fire til fem medlemmer skal kvart kjønn vere representert med minst to, og i styre med seks til åtte medlemmer skal kvart kjønn vere representert med minst tre.

Det er neppe rett eller naudsynt at vedtektene viser til lovkravet i aksjelova § 20-6. Eigarforholda i selskapet kan endre seg slik at reglane om kjønnsrepresentasjon ikkje lenger kjem til nytte. Fylkeskommunen sin eigarrepresentant bør likevel formidle problemstillinga til skipingsmøtet viss det viser seg å vere naudsynt.

2. Utpeiking av eigarrepresentant og nominering av styremedlem

Fylkesutvalet må peike ut eigarrepresentant og nominere styremedlem til selskapet, med vararepresentantar.

Det er i hovudsak medlemer av fylkestinget som er peika ut som eigarrepresentantar i aksjeselskap der fylkeskommunen er eigar. Der fylkesutvalet meiner det er naudsynt at politisk leiing deltek, er det praksis at fylkesordføraren og dernest fylkesvaraordføraren vert vald som eigarutsending. Det er også mogleg at tilsette i administrasjonen eller andre kompetansepersonar med tilknytning til fylkeskommunen vert vald. Dersom ingen har høve til å møte som fylkeskommunen sin representant på skipingsmøtet, er det høve til å gje fullmakt til prosjekteigar Tor Arne Ness.

Det har vore praksis i fylkeskommunen å ha folkevalde i ulike styrerollar. Samtidig er det viktig at styret som kollegium representerer god breidde og relevant kompetanse for selskapet. Det kan derfor vere aktuelt å peike på styremedlemer utan folkevald forankring.

Prosjekteigar oppmodar dei aksjonærene som har hatt representantar i styrings- og referansegruppa i forprosjektet om å nytte desse der det er mogleg og dei er villige til det. Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt med Jan Tore Rosenlund i styringsgruppa og Bekka Skaasheim i referansegruppa.

Fylkesutvalet finn meir om utpeiking av eigarrepresentantar og styremedlemer til aksjeselskap i fylkeskommunen si [eigarmelding](#) kapittel 2.

3. Styreleiar

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal eige bygget der Vitensenteret skal lokaliserast. Fylkesrådmannen vil såleis kunne møte styreleiaren i selskapet som motpart, t.d. i ei forhandlings-situasjon. Sjølv om fylkeskommunen vert den klart største aksjonæren i selskapet, ser fylkesrådmannen det som ein fordel om fylkeskommunen sin styremedlem ikkje vert styreleiar i selskapet. Fylkeskommunen sin eigarrepresentant bør formidle dette i skipingsmøtet.

3. Konklusjon

Fylkesutvalet må peike ut eigarrepresentant, nominere styremedlem og ta stilling til dei føreslegne vedtektene. Vedtektene går fram av vedlegget.